# Vekeplan: 6. trinn   veke: 6

| Informasjon | Tips: |
|---|---|
| *Me er klare for ei ny veke!*<br>*Jørgen tek med kake på fredag.*<br><br>*Takk igjen til alle dykk som hjalp med kjøyring til Vitengarden sist veke* 😊 | **Hugs gymklær til fredag.**<br><br>**På onsdag skal me ha teori i mat og helse. Du treng ikkje ta med forkle.** |

**Timeplan**

| Timer | Måndag | Tysdag | Onsdag | Torsdag | Fredag |
|---|---|---|---|---|---|
| 1. time | Matematikk | Engelsk/Olweus | Norsk/mat og helse | Arbeidstime | Gym |
| 2. Time | Engelsk | Naturfag | Matte/mat og helse | KRLE | Musikk |
| 3. time | Samfunnsfag/Naturfag | Norsk | Matte/mat og helse | Kunst & håndtverk | Samfunnsfag |
| 4. time | | | Norsk/mat og helse | Valfag | |

**Lekser veke 6**

| TYSDAG | ONSDAG | TORSDAG | FREDAG |
|---|---|---|---|
| **Norsk:** Skriv ein tekst på 12 setningar der du forklarer kvifor jærhuset har dei kjende kjenneteikna sine. Bruk det du lærte på Vitengarden. | **Norsk:** Teikn **eller** skriv ein **plan** for eit moderne jærhus som likevel beheld dei | **Norsk:** Les hyllebok 20 min | **Samfunnsfag: Svar med heile setningar, skriv i skrivebok. Ark gjeld ikkje.** |

| | | | |
|---|---|---|---|
| Du skal svare på desse spørsmåla i teksten (men ikkje som punkt – skriv samanhengande!)<br><br>- Kvifor hadde jærhus gjerne låg profil og langstrakt form?<br><br>- Kvifor var steingardar og torvtak viktige?<br><br>- Korleis måtte folk på Jæren tenkje når dei bygde hus i eit område med mykje vind og vêr?<br><br>- Kva fordelar hadde denne byggeteknikken for dei som budde der?<br><br>**Engelsk:** Les s 103-105 i Explore 6. Pugg glosene i "words to learn".<br><br>**Naturfag:** Les 100-101, svar på spørsmål 1-3. Skriv i skriveboka di. Ark gjeld ikkje. | tradisjonelle kjenneteikna.<br>Teksten din skal vere på **8–12 setningar** og forklare:<br><br>1. Kva du vil behalde frå dei gamle jærhusa (t.d. form, tak, materialar).<br>2. Kva du vil endre for å gjere huset meir moderne og komfortabelt.<br>3. Korleis huset ditt tåler vind og vêr.<br>4. Kan huset ditt framleis kallast eit ekte "jærhus"? Kvifor/kvifor ikkje?<br><br>Du kan lage ei enkel teikning ved sidan av, men **teksten er viktigast**.<br><br>**Matematikk:**<br><br>Gjer opg 4.76 og 4.77 s. 140 i Multi 6A. Skriv svaret i den grøne boka di. | **Engelsk: Skriv ei kort tekst (5–6 setningar) på engelsk:**<br>**"My favorite vehicle"**<br><br>**Du kan skrive om:**<br><br>**-Kva køyretøy du likar best**<br><br>**-Korleis det ser ut**<br><br>**-Kor det kan reise**<br><br>**-Kvifor du likar det** | - Kva betyr ordet jordbruksrevolusjon?<br><br>- Nemn to ting som endra seg for menneska då dei byrja med jordbruk.<br><br>- Kvifor trur du menneska begynte å bu på ein stad i staden for å flytte rundt?<br><br>**Matematikk:**<br><br>Gjer opg 4.78 og 4.79 s. 140 i Multi 6A. Skriv svaret i den grøne boka di. |